

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

a'leis adv.	onnorleis. om lag slik er det. <i>d'ekje mykkje a'leis det.</i>
andre-kåná f.	ho som ein enkjemann har gift seg oppatt med. <i>fysstema'nj hinnja kom vekk på sjynå</i>
anj e stugge	det er stygt ver, vind og regn
anj e åt no adv.	ljåen er ferdig slipt. Den som slipte såg rett ned på egga, og kjende med fingeren om der var ro
anj gjenge sej utpå	sørvesten dreiar meir vest
anj gut sjøl m.	det same som djevelen
anj namne m.	ein som har same namnet. <i>mej e namna, mej to</i>
arbeie noko v.	lage noko. <i>de va hannj so arbeidde tøvtrilljå</i>
att'litlaust adv.	som ein ikkje treng å vere uroleg for
au-spor'e adj.	berykta (au frå gamalnorsk aud, ei forstaving som skal forsterke tydinga)
bakkjinnj på kniva, på ljåná m.	den motsette sida av den kvasse egga
banke flakje v.	for å få varmen i seg att
bessodet va	best som det var osb.
bli heita'ta v.	få problem med
bli 'kje gammalje her v.	eg skal snart gjere meg ferdig, og gå
brukvisa f.	den vanlege måten å gjere ting på, skikk og bruk
brydde adv.	det var vanskeleg å få til. <i>ej va brydde 'ta ditta</i>
brøle v.	lage sterk lyd, også om ei maskin t.d.
bråfengje n.	på snaraste måten <i>det kanj no vere ti' et bråfengje</i>
bråne v.	smelte smør, til å ha på fisk t.d. <i>bråa-smør</i>
buna' m.	fiskereidskap, særleg småseivegn. <i>anj må ha fine buna'</i>
byl n.	eit bel, ei stund
børføtå adv.	å gå utan sko på. obs. dativ fleirtal utan preposisjon. <i>gå børføtå</i>
båre f.	bere-reiskap (for to mann) til å bere t.d. fiskekasser på
båt'n va' gøtt sette	eitpar høvelege steinar inn på tiljene, gjorde at båten låg stødigare i sjøen, viktig til sigling
dags-mon'n n.	<i>de vekse so anj ser dagsmon'n</i>
d'e bor' for båre	båten kan lastast enno meir, før han sekk
d'e likt tej det	det ser slik ut, ja
d'e no ikkje meir, helder	det er no berre so vidt
d'e no kurr det kannj	det kan gå bra, men også gale
d'e no på dennj måt'n so e, det	det blir ikkje rare greiene

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

d'e støsste vona, det	det er mest truleg, det
d'e såre trongda	det trengs verkeleg
dei Longva, dei Ulla	dei som bur på desse stadene
dej pron.	Dei gamle sa det, men i mi tid vart det "dåkke" som slo igjennom. Farfar min, Kari-Johan, hadde besøk av systerdotter si frå Haram. Då ho skulle gå, sa ho: "Ja, du må no stå dej bra då, mobbror, og so må du 'alde dej ti' err'n" (Herren). Goffar sat i eigne tankar (dette var i den tid bankane i byen gjekk overende): "sei, 'a dej nåkke i Kreditbankja, dej?"
d'e'kje so gale, ditto	eg er i grunnen godt nøgd med det der
det fatna ti v.	det tek fyr
det gjekk ikkje verre tej, enn at	slik skulle det gå!
det gjer på sej, ditto	det aukar, viser etter det der
det ha no vøre minste omakjinnj, det	enklaste måten å gjere det på
det haurest ut for det	var likt til at det var slik, ja
det passa me' sjynå v.	for småsei-pøting inne i Ulla-sundet når sjøen fall. Men utom land skulle det helst vere fløande.
det ska go' tru tej	skal godt gjerast, lite truleg
dett'utu v.	å ta seg ein liten blund
dissa to-karanje	dei to karane i lag
dissa to-kjellj'ne	dei to jentene i lag
ditta gjeng'ikkje nåkkei længd	slik kan dei ikkje halde på, lenge
ditta, fysst, e nåkke stellj på	endeleg noko som er bra
drage åt nabba v.	presse ei sak, eller ein person
drikke brylljaup v.	vere med og feire bryllaup
driv'av v.	bli teken av vind og straum, ut av kurs
driv-gard m.	i sterk vind, når sjøen blir piska opp til ei "gardin"
drætte f.	det å drage fisk. <i>det va 'kje nåkkei drætte å snakk'om</i>
dye f.	blaut, gjørmut mark, ikkje rein sandbotn
dårla førr hjarta	har vondt i brystet. Men: <i>låk i majå, låk i hauda, låke 'ta tannjverk</i>
ei seiende søgn f.	ei hending som det er gått gjetord om
ei æ me' trej f.	ærfugleir med tre egg
ej e innjvørtes friske	svare ei eldre kone, når nokon spurde korleis ho hadde det
ej la 'nå i svensketak	eg var sterkast i hendene
ej va åt å såg på det	kika så vidt på det

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

ett slag n.	har ikkje arbeidd so hardt at det gjorde noko. <i>du he no ett slag å vere trøytt 'ta</i>
ett å' ønnjå	ymse, eitt og anna, litt av kvart
fare ei o-fær v.	kome ut for uhell eller ulukke
fare mannj fram v.	gå frå dør til dør, t.d. for å selje noko
fare me' eitkvart v.	prøve seg på noko som det ikkje blir noko av. <i>å, annj fær no me det</i>
fare nejmylljå v.	bli forfordelt, ikkje få det ein har rett til
fare stugt åt v.	gjere skade på eitkvart eller einkvan
farm m.	det som båten tek pr. tur
fart i luktne f.	drivande skyer, framfor uver
faste f.	farsyster
fastemannj m.	farsyster sin mann. Hadde mor eller far fleire sysken, som kom i kvar sin gard, so vart det t.d. <i>'o Lars-moste</i>
feile v.	mangle. <i>D'e'kje greitt når d'e nåkke so mangla føtå</i>
finnj' åt v.	kritisere nokon
fiske-møle m.	stykke av kokt fisk. t.d. <i>spormøl'n</i>
fiskjå f.	den tid vårtorskefiskeriet varde. <i>fiskjå va frå marimyss 'ti kjyndesmyss</i>
flenså f.	influensa
flondre-stillje f.	når sjøen er so blank at ein ser å stikke flyndre
flys n.	lite fjom, fnugg
fløyte v.	løfte noko, så vidt det går klar av underlaget
for hand	ligg lagleg til for å arbeide med
fote sej v.	finne fotfeste
framfør åt (adv)	i førevegen - <i>han gjekk framfør åt</i>
framma gjønå ti'ne avd.	opp igjennom tidene
framma, utta, innja, nåra, heima, synnja adv.	adverb brukte som preposisjonar. <i>dei kom heima gara. utta hava</i>
frøst m.	hankatt
fråsej-gjort adv.	uttent, utslite. <i>anj va væl fråsejgjor'e</i>
fylst åt v.	flygjast, henge saman, også i overført tyding
følkestugge adv.	sky, redd for å vise seg mellom folk
følkestugge adv.	redd for å vise seg, for å vere i lag med andre
førdørva adv.	i hel. <i>slå sej førdørva. fryse førdørva</i>

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

førefær f.	det å planlegge for seinare bruk, helst matforråd
førstøva f.	eigentleg fotstøda. det vesle rommet mellom stamnen i båten, og det næraste spantet, som var ekstra kraftigt.
få det føre sej at v.	om lag det same som <i>stikke'ti</i> , men ikkje so brått
få sej enj kjennjing v.	bli rusa av alkoholhaldig drikke
ga'nj-stej'n adv.	fisk som har stått for lenge i garnet
gape adj.	dumt
gjer et gapestykkje v.	finne på noko dumt
gjer'sej illjt ta' omkvart v.	ottast for å ha gjort urett mot nokon
go'kake f.	småkake eller formkake
grannj adj.	tynn, t.d. om ein tråd eller ein streng
gøtt mot n. ( mot - eit gamalt ord for møte)	sa dei når dei møttest
gå v.	reise om fiskebåtar t.d. <i>det tæ' et par tima å gå dit ut</i>
gå attonde v.	søkje ly mot regn og vind
gå føre det v.	setje livet til
gå imylljå v.	gå frå hus til hus. <i>du må sjå neifør døra, når du jeng imylljå</i>
gå på håndå v.	gå på hendene
gå å' haudå v.	gå på hovudet (gamalnorsk prep á har halde seg)
ha det, og ha so inkje v.	ta til takke med et (vesle) som er
ha dårla tia v.	ha dårleg tid
halde sej oppatt v.	vise seg å vere sant, likevel
handabakjinnj m.	utsida av handa
helgabrukt f.	det å dra på sjøen i helga (vart ikkje godteke)
helvta ti' gjivende f.	det kunne endå gå an, dersom osv
hommars-agn n.	<i>hommars-agn, d'e no helst salta kveitehaud, det</i>
hus-har'ver n.	når stormen er so sterk at det er fåre for husa
hus-i-mylljå	mellom husa. <i>anj blæse so anj kanj'kje gå husimylljå</i>
hus-tjøt m.	hustyrann
hylve f.	halvpart, ofte brukt om fisk. <i>ei fiskehylve</i>
hyse v.	gi husrom til
hær f.	skulder. <i>brei over hærranje</i>
i førårs	i forfjor
ihlje-støva f.	bestestova, stod mest ubrukt til dagleg
innja hyses adv.	innom hus, gamal genitiv, saman med omlyd av u

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

inngjønå adv.	innetter
isst v.	å gidde. <i>anj isst ikkj' å gjer det skjikkela</i>
jeister f.	gjær
Jessje takk	Jesus skje takk, sa godfar når han hadde fått seg mat
jor'a-vær' n.	det ein måtte rekne med å betale for ei jord
jøu, dei e i tvau, no	svara ei gamal kone, som vart spurd om kua hadde kalva
kake, kakemat f.	ei brødskive
kaketrøg n.	stort trog, helst uthola av stor trestamme, til knaing
kallje v.	setje utnamn på folk
kallje v.	so å seie. <i>mat'n e kallje ferdig</i>
kanj kje annja tru v.	eg skulle meine det
kannj no både vere og ikkje v.	kan vere slik, eller ikkje slik
karr du he tenkte dej	kvar skal du?
kaste såt'ne v.	breie høyet utover att, når dei venta betre ver
kjennje dej på følkja v.	ser kven du er lik, kva folk du kjem av
kjennjing m.	stein i frukt, t.d. plomme, eple
kjyld f.	kuldebol
kjønnj f.	lite, grunt vatn (ikkje heilt det same som tjern på bokmål)
klejn adj.	sjuk. å vere klejne kan og tyde å ha bondeanger
klengre f.	kringle
klengrebud f.	bakarbutikk. (Då Lars-Kristi på Ulla, f. ca 1885, skulle gifte seg til Åkre, sa ei gamal kone til henne: "Du Kristi, so e so fine, du skulda 'kje vøre gar'a kjerring, du. Du skulda sti på ei klengrebud sø i bya, du!")
klenke v.	sjargong for å slå
knøe f.	brøddeig
knøe kake v.	kna brøddeig
kolne v.	bli kald
kome 'ta noko v.	(trykk på 'ta) misse tråden, t.d. under opplesing
kome ta sej v.	magrast - <i>du he kjyme ta dej, du</i>
kome 'tej sej v.	å bli noko av - <i>det kom ikkje tej sej</i>
kovne v.	bli kvalt <i>ej trudd ej ha kovna, trudd ikkje ej ha limna tej atte</i> , sa ei eldre kone etter ein operasjon i narkose
krissla-sinnja adv.	kristeleg. Ein gamal mann på Ulla sa: <i>ej 'e fretta ta at dei ska sete sej opp ei krissla-sinnja kjirkje innipå Innjlanda</i> (Hildre kapell)

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

krissna-banj n.	dåpsunge - <i>av å krissne=å døype</i>
kræs'n adv.	utolug for smerte. Også redd for å bade i kald sjø
kråne tej atte v.	bli frisk att, etter sjukdom
kurr det no va' eller ikkje	korleis det var eller ikkje var
kvengje v.	om vindkast som kjem frå fleire kantar
kvennja puss n.	noko uventa og ulagleg som dei var utsett for. Gamle-Nils i Kari-garden på Ulla (d. 1915) sa: <i>d'e mange kvennjapussa, men so e det no mångt et puss uttafor kvennjhusa, me</i>
kvennjabør adv.	når elva gjekk vassrik (hausten)
kvetje v.	bryne ljàen
kvi mot v.	gru seg til noko
kvitbere v.	når båretoppene blir piska kvite av sterk vind
kølljete adj.	snautt, helst om skoglaust landskap
land, ku-land n.	flytande gjødsel. <i>land-kjelljar</i> - gjødselkjellar
legg innji v.	leggje i ovnen
legg ut enj båt v.	leggje færingen frå seg litt burtfor land, slik at han gjekk klar av fjøresteinane, når han svinga seg rundt
legg'attover v.	når nysnø dekkjer markane
legge sej føre v.	bli liggjande, helst lenger enn som godt er
leire f.	sandbotn, avgrensa, omgitt av taremark
lepe m.	liten lapp
lete m.	latskap
likenti	sogar, til og med. eigentleg like inntil
linekaggje m.	flottør, gjerne med stang til vimpel e.l.
ljøs n.	lys, tyder også åpen eld. <i>ver førsiktig me' ljøsa</i>
lons m.	skikkeleg stykkje, t.d. av tjukkaste kjøtlåret
lukke tej å v.	må finne seg i. <i>anj fær visst lukke tej å ro</i>
lyte sej innji v.	få seg ein del av noko som andre har skaffa
lænne v.	bli varmare i veret
løyse vomba frå ryggja v.	ete godt, forsyne seg godt
mark f.	blir også brukt om fiskeplass. <i>de e'kje fiskemark, der</i>
mata-så' f.	matgrand, litt mat, men nokså stakkarsleg
mate krabbinnj v.	kaste opp (på sjøen) når ein har sjøverk
me' goss mannjs hjelp adv.	med hjelp frå gode grannar o.l (interessant genitiv på adj: goss)
meia adv.	medan. <i>de va bære meia anj vannj å drage</i>

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

menke alt som 'ta vert tikje v.	det merkast når ein brukar av noko
mindremannj m.	ein som ikkje veit å hevde seg ilag med andre, og som difor er plaga med mindreverdskjensle
moste f.	morsyster
mostemannj m.	morsyster sin mann
motstraum m.	det motsette er ikkje ondastraum, men go'straum
mygle v.	mugg. <i>anj bli sterke ta mygelne</i> , sa Gamle-Nils i Kari-garden på Ulla, når ungane nekta å ete det som hadde vore mugg på
myker f.	kumøkk
mylt adv.	ukvass om ljà-egga. <i>anj e visst mylte no, ljà'n dinnj</i>
mysse v.	å messe under gudsteneste. <i>anj e so flenk å mysse, dinnja prest'n</i>
myssefallj n.	avlyst gudsteneste, oftast pga veret
møsse v.	misse, tape. <i>møsse nej nåkke</i>
mångt slag n.	nei, det er jammen det raraste, det verste eg har sett. <i>d'e no mångt slag anj ska sjå!</i>
nike v.	gni
no, so ti'la adv.	<i>anj kryp'ikkje (hommaren) no, so ti'la</i> (på året)
nure v.	gni
nåkke 'ta korå	litt av begge deler, litt av kvart
nåkk'om sennj adv.	litt med kvart
'o klive Hønnjet, no, sola	sola går ikkje attom Ulla-hornet, lenger
o-dæmde adv.	om kviteklær som ikkje er so kvite som dei skulle vere
o-mak m.	det å leggje seg i selen, gjere seg føre med noko
omannjfer f.	uhell, ulukke, <i>å fare ei omannjfer</i> - kome til skade
omkominnj, omkoma	opprådd. <i>ej e snøytt omkominnj me' dei</i>
omkvannj pron.	einkvan
omkvart pron.	eitkvart
omvølsle f.	det å reparere noko. <i>omvølslå e no dennj 'o e, ho</i>
ondesta'n m.	botnfall, t.d. i vêske
oppigjønå adv.	oppetter
o-stonda f.	då uhellet inntraff. <i>slik e det når o-stonda e ute</i>
o-veie adv.	ulagleg, upraktisk for stort, er i vegen
o-vør'n adv.	vyrdlaus, uforsiktig, framfusande
pakk n.	dårleg folk. Når ein handverkar avslutta eit arbeid, sa han til oppdragsgjeveren (på skjemt): <i>det fær greie sej åt pakkja</i>

## Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

paul m.	hvirvel i sjøen av noko som ikkje skal vere der. Ein Haramsfiskar sa (i 1981): <i>dinnja tøs kjinnj dei tæ burti Børgonfjåra ha no ikkje ej vilda ejte. Mange plassa, mannj, an ser bære paul'n ta kloakkja!</i>
pikke f.	reiskap med tindar til å ta torva frå torvtrilla med
pjaske ti v.	har vore interessert, vore mykje ilag med henne. <i>'anj he visst pjaska 'ti 'na lengje</i>
puse-fej n.	godtgjersle til presten for brudevigsle. Interessant samansetjing av eit latinsk og eit norrønt ord: puse sml fransk epouser, og engelsk spouse. Engelsk har framleis fee=honorar.
pøyte f.	om lag det same, men gjerne litt mindre
på laust adv.	ha barn utan å vere gift - <i>ha en ongje på laust</i>
på vona	i tilfelle osb., <i>på vona dei kjøme</i>
på vona at	i tilfelle, at. <i>surr båt'n attåt vøra, på vona at anj fløtna</i>
rek'i donga v.	samlast opp
rennje laust i ryggja v.	gi seg eit slit, helst når ein arbeider
rennjestål n.	Dei gamle sa helst drivgard
ro f.	liten kant på ljà-egga, teikn på at han var ferdig slipt
ror m.	det å ro, eller det stykket ein må ro. <i>det e enj dryge ror</i>
rote ti v.	røre rundt i. <i>Rote ti supinnje</i>
ry 'ta sej v.	kaste av seg klær, når det er for varmt, inne
ryk ihop v.	tørne saman i slåsskamp
ryk oklar v.	bli uvener
rynje v.	drysse, rase nedav. <i>d'e bære so det ryne</i> (open y)
røkje adv.	lett, glatt. <i>d'e røkje for hånå, ditta</i>
røyte v.	sleppe hår av pelsen (t.d. hund)
rånk adj.	om båt som er for mykje lasta ovantil, lett for å kantar
sakna-dø m.	det at ein avhalden person er gått bort
sei 'ta v.	sladre. Også om småbarn som skal lære å seie ifrå når dei skal på potte. <i>'o he bjynt å sei 'ta, no.</i>
sete nejme' sej v.	ikkje bruke opp alt ein tener
sete sej føre v.	bli sitjande, helst lenger enn som godt er
sete sej åt v.	setje seg til bords
sete ti' v.	tende på i omnen. Ogso i flg tyding: bli sjuk. <i>ej he visst sett ti ei sykje</i>
sjøa-løkjet n.	sjø-overflata
sjøslutta v.	minka etter kvart. <i>det blir vel sjøslutta, heile fiskeriet</i>



## Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

sjø-tøsk m.	ein som driv sjøen, men som ikkje aktar på veret
sjøverkjinnj m.	det å vere sjøsjuk. <i>anj laut slutte sjy'n, 'ta det anj va so låke 'ta sjøverkja</i>
skallje m.	knapp, tarevaksen topp på botnen. Gjerne sei der
skjere klar v.	gå utanom, også i figurleg tyding
skjere sej tej v.	syne seg, framstå (forklaringa er ikkje heilt god)
skjylje seg v.	vere ulik. <i>det skjyle sej ka mej he å gjere</i>
skjyr f.	surmjølk <i>uttrykket skjørbuk skriv seg kanskje frå vikingtia, dei trudde sjukdomen kom av at dei drakk for mykje skjyr. Den medisinske nemninga er scorbutis, kanskje avleidd av det norrøne ordet skyrbjugr.</i>
skjyte ga'nj v.	<i>setje ga'njskøt på mej. ga'njet - sjølvare nota</i>
skrye v. f.	sterk forkjøling med opphosting av slim
skrækje v.	renske halsen
skule v.	vere lærar. <i>anj skulte på Ullja, dennj tia</i>
skul'mester m.	lærar
skute f.	seglskip. <i>anj e sta ette skute. - losen er reist ut</i>
skut'stein m.	ballast
skyte feittet v.	om sild, som skil ut feittet
skølt m.	knapp, tarevaksen topp på botnen. Gjerne sei der
slag n.	art, sort, gjerne litt nedsetjande <i>ette lukt'ne må det vere nåkke fiskeslag, anj va 'ta same sla'ja</i>
slit'illjt v.	bli utsett for strabasar, som t.d. å fryse, bli våt
slå ta' v.	gjere frå seg slått. <i>mej he sleie ta, mej</i>
slått m.	tyder både slått-onna, og det å slå (med ljå). <i>det va enj ruskjinnj slått. stygt slege gras</i>
snerte adv.	snargjort, lett vint å få til
snjøslette f.	sludd, snø slaps
snu stei'n v.	drage slipesteinen med sveiv
snu tein'ne v.	drage teinene opp for å sjå om der er hummar
snøytt adv.	forsterkande adverb. <i>snøytt omolla</i>
sola-gång m.	(den gamalnorske genitivbøyinga av sol, har halde seg)
sommar-sjy'n m.	linefiske om sommaren. <i>utpå bøtt'nå</i>
sovidt skjyle bøtt'n	lite fisk i stampen
spa tørv v.	spa torv
speje me v.	snakke lettsindig om. <i>ditta e'kje å speje me</i>

## Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

spissbøye m.	alltid med nokso lang stang, til vimpel
spjør'ne f.	styrefinnane på fiskeryggen
splint m.	tater, taterfylgje. <i>splintebøle</i>
spor-møle m.	halestykket av fisk
spreng ette tauså v.	jentejakt, helst om gitar i framslengsalderen
spreng omkapp v.	kappspringe
spøe f.	reiskap til torvspaing
steikje kake v.	bake brød
stikke'ti v.	brått kome på eitkvart. <i>det stakk 'ti mej at ej skulde sjå ette'</i>
store bære f.	høg sjø
straum'ie f.	parti på sjøoverflata som skil seg ut pga straum
stuggefære f.	det å fare stygt åt
stuggemanj m.	djevelen. <i>visst du bannja, so kjøme du nej åt stuggemannja</i>
stute sej v.	slå seg i hel. Overført tyding: gå og leggje seg
styttørvsmark f.	trangt, steinut terreng, gjerne med lite gras på
støve f.	våningshus
stå i sju seiná v.	stoppe opp, stå heilt i stampe
stå so tej, at v.	heldt på å. <i>Det sto so tej at dei skulde driv' av</i>
stå 'ti eitkvart v.	å halde ut, lide seg gjennom - <i>ho kunne stå 'ti eit bel</i>
stål n.	stor opphoping av noko, t.d. <i>høystål, tarestål</i>
svelje rångt v.	få i vrangstrupen
svenske-tak m.	handbak. <i>å ta svensketak</i>
svånga m.	slagsider
svånge adv.	om kyr, når vomba er lite fyllt. (Interessant ord. Islandsk: svøng, svangur tyder det same, medan tysk schwanger tyder det motsette)
syge tatte v.	die, amme. På ei tilstelling på skulehuset på Ulla, ropte ein liten gutunge: <i>tatte, mor!</i>
symj' onde v.	dukke, og ta symjetak under vatnet
syntest 'kje nåkke åt vere v.	klaga ikkje
sæn m.	susande, tung lyd frå havet, framfor dårlegare ver
sæte v.	rake høyet saman i såter
søgjinnj adv.	for lenge før fisken vart teken opp. <i>sei'n va søgjinnj</i>
søkje før sej v.	reise til doktor
søve sej utu skjelt'ne v.	halde senga til ein er frisk att

# Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

søyle f.	større leire, helst utanskjers, t.d. <i>Ullja-søylå</i>
såte f.	liten samanraka høydunge. Til natta
ta veite v.	grave drenggrøft
ta åt sej v.	la noko gå innpå seg
ta åt sej v.	adoptere. <i>'o va visst tejtikja, dinnja tausa</i>
takk for skiftet	sa dei når dei gjekk frå bordet, etter måltidet
ti kjippeskona	utan sokkar (om sommaren)
ti'la dag	tidleg på dagen. <i>d'e no ti'la dag, endå</i>
tirge bårå v.	ungane fylgde etter når båra drog seg attover sanden, so var det om å gjere å vente lengst mogleg med å springe oppatt, når båra kom igjen
tokna f.	gjellene i fiskehovudet
trekkje 'ta sø'vesta v.	skyene driv inn og nord
trottige adv.	det som hender ofte. <i>Du må vere trottigare å besøk' øss</i>
tyft f.	hustuft
tørvtrollje f.	handvogn med eitt hjul, til å skue framfor seg
tørvtærre f.	godt ver, helst med sol og nordaust vind, til turking av torv
tångja f.	grind oppe på høylasset, til å presse saman høyet
ullj-byll m.	strikka ullskjorte, utan ermar, næst kroppen
ussa, for ei stugg'eit	fy for skam! eller liknande
utfar n.	frå ei tung helle eit stykke burtfor land, går ein kraftig togende som endar i lykkje med kause i. Gjennom denne går utfaret som båten er fest i. Kan soleis hale båten frå seg eller åt seg.
utta hyses adv.	utom hus, gamal genitiv, saman med omlyd av u
varp n.	kast. I figurleg tyding: lykketreff (gamalnorsk: verpa =kaste)
veite f.	grøft
veitestein m.	(skoten) stein til å fylle i drenggrøfta
veit'ne e attegådde	grøftene er fylte med jord og slam, drenerer ikkje
vere burti lukt og lause skjy v.	distre, upåliteleg
vere go' på v.	gi ein klem, legge kinnnet inntil
vere go' tej v.	orke, ha krefter til (også i overført tyding)
vere ihåndehavde v.	ha det travelt, vere sett til stadigt strev
vere kleis på s'n v.	lespe
vere mykkje før sej v.	vere oppvakt og intelligent
vere nåkk'åt v.	noko i vegen. <i>det ha vel vøre nåkk'åt, då, me'</i>
vere rædde for nåkke v.	å vilje ha det for seg sjøl, so det ikkje kjem til skade

## Gamle ord og uttrykk frå Haram. Ved Per Ulla 1999

m.=subst hankjønn, f.=subst hokjønn, n.=subst inkjekjønn, adv.=adverb, adj.=adjektiv, v. = verb, pron.=pron.

---

vere skør'n for tungebanda	ordhag, veltalande
vere sta' me' v.	vere ute med. <i>dei e sta' me' teinå</i>
vere tu'ljn i hauda, tullja i hauda	svimmel
vere åt å v.	sovidt burti. <i>ej va åt å rængde, men fekk ikkje svar</i>
vikje v.	bende ut taggane på saga. <i>o' e førr lite vikte, sa'ja</i>
vitje v.	fare på besøk, gjerne med overnatting
våe f.	havsnaut. <i>dei ha no visst vør 'i våe, me'</i>
våndel m.	samanrulla høydott, passande til eitt dyr i eitt mål
ægnalyt m.	eignalut, noko som er dyrebart
ørv m.	treskaftet til ljàen. <i>lång-ørv</i> og <i>stytt-ørv</i> (ørv i gamalnorsk/islandsk tydde pil) Kanskje pilane opphavleg hadde treskaft?
å' no me' v.	sjå berre korleis det no er blitt. <i>'o va som enj ha'je, dinnja jor'a, og no me'</i>
ånglefyllje v.	når det er fisk mest på kvar krok på lina